



DET KONGELEGE
FISKERI- OG KYSTDEPARTEMENT

Sjå liste med høyringsinstansar

Dykkar ref

Vår ref
200602334- /CW

Dato
20. oktober 2010

Høyring - endringar i forskrift om manntal for fiskarar og fangstmenn som følgje av pensjonsreforma

Denne høyringa gjeld forslag til endringar i forskrift 18. desember 2008 nr. 1436 om manntal for fiskarar og fangstmenn (manntalsforskrifta) som følgje av pensjonsreforma og ei mindre justering i forskrifta utan materiell verdi. Vi legg opp til at endringane trer i kraft samtidig med pensjonsreforma, dvs. frå 1. januar 2011.

Høyringsfristen er sett til torsdag 2. desember 2010.

Hovudsaka i forslaget er å opne for at fiskarar kan stå i fiskarmanntalet fram til fylte 75 år sjølv om dei vel å ta ut alderspensjon tidlegare. Dette vil gje fiskarar større høve til å halde fram i yrket sitt uavhengig av om dei tek ut alderspensjon, i tråd med pensjonsreforma sine mål om høgare avgangsalder frå arbeidslivet og å gjere det meir lønsamt for pensjonistar å arbeide.

Bakgrunn

Fiskarmanntalet

Fiskarmanntalet skal vere eit påliteleg register for offentlege etatar over personar som er busette i Noreg, og som har fiske og fangst i havet som leveveg åleine eller saman med anna næring eller anna arbeid. Manntalet er organisert i to blad, A og B. På blad A vert personar som har fiske eller fangst som binæring registrerte, og på blad B vert personar som har fiske eller fangst som hovudnæring registrerte.

Opptak i manntalet har verknad for tilgangen for den enkelte fiskar til å utøve fiske og fangst som næring, særleg som vilkår for å delta i dei sentrale fiskeria i

kystfartøygruppa, og for å opparbeide trygderettar og sosiale rettar. Deltaking i dei lukka gruppene i dei tilgangsavgrenta fiskeria er reservert for dei fiskarane som står på blad B. Registeret er friviljug, slik at det ikkje utan vidare er slik at alle som fyller vilkåra er oppførde i manntalet.

Alderspensionistar og fiskarmanntalet

Personar som mottok full (ugradert) alderspensjon har i medhald av gjeldande manntalsforskrift ikkje høve til å stå på blad B med mindre dei er mellom 67 og 70 år. I og med at alderspensjon frå folketrygda ikkje vert avkorta mot anna inntekt, vil fiskarar over 70 år derfor ikkje kunne stå på blad B. Bakgrunnen for dette er at ein tradisjonelt ikkje har rekna personar med full alderspensjon for å vere heiltidsfiskarar.

Regelverket vart i perioden 2008-2010 endra for personar mellom 67 og 70 år som no kan stå på blad B sjølv om dei mottok alderspensjon. Dette har si årsak i at regjeringa oppheva regelen om inntektsprøving av alderspensjon for denne aldersgruppa. Dette var et ledd i arbeidet med å opne for høgare avgangsalder frå arbeidslivet.

Personar som tidlegare har vore heiltidsfiskarar har utan omsyn til alderspensjon høve til oppføring på blad A. Det er då mellom anna eit vilkår at dei har hatt fiske og fangst som hovudyrke i minst fem av siste 20 år før overgang til pensjon, eller at særlege høve tilseier det. Ved overgang til blad A vil fiskarane få monaleg mindre kvotar, men dei vil likevel få høve til å halde fram med ervervsmessig fiske i mindre omfang dersom dei ønskjer.

Pensjonsreforma

Arbeidet med pensjonsreforma omfattar alle sidene av pensjonssystemet. Den sentrale målsettinga er å få til ei pensjonsordning som vil vere berekraftig sjølv om det skjer endringar i alderssamansetninga i befolkninga. Det er i denne samanheng ein må sjå regjeringa si målsetting om høgare avgangsalder for pensionistar.

Den delen av pensjonsreforma som gjeld endringar i alderspensjonen til folketrygda vart vedteken 5. juni 2009. Endringane omfattar:

- Fleksibelt uttak av alderspensjon i alderen 62 til 75 år
- Levealdersjustering av alderspensjon
- Nye reglar for regulering av alderspensjon
- Nye reglar for opptening av alderspensjon

Desse endringane trer i kraft 1. januar 2011, men dei nye reglane for opptening av alderspensjon vil verte tilpassa gradvis over tid.

I vår samanheng er det viktig å merke seg at uttak av alderspensjon vil vere fleksibelt i alderen 62 til 75 år. Vedkomande vil såleis sjølv avgjere i kva alder han første gong vil ta ut alderspensjonen, og om han vil gjere det heilt eller delvis. Han vil kunne gradere

pensjonen i 20, 40, 50, 60, 80 eller 100 prosent. Om ein vel å ta ut pensjon tidleg, må han fordelast over fleire år, og den årlege pensjonen vert lægre enn om ein tek han ut seinare. Pensjonisten kan i tillegg arbeide så mykje han ønskjer ved sida av, utan at pensjonen vert avkorta. Arbeidsinntekt fram til 75 år vil kunne danne grunnlag for opptening av pensjonsrettar.

Vurdering av endringar i fiskarmanntalet som følgje av pensjonsreforma

Fiskarmanntalet er i dag til hinder for at personar med alderspensjon frå folketrygda kan stå på blad B med mindre dei er mellom 67 og 70 år. I og med at pensjonsreforma opnar for alderspensjon frå 62 år, og fleksibel pensjon frå 62 til 75 år, er det ikkje lenger nokon sakleg grunn til at det gjeld særskilde reglar for alderspensjonistar mellom 67 og 70 år. Det er derfor behov for å sjå nærare på vilkåra for å stå i fiskarmanntalet for alderspensjonistar.

Vidare er det slik at pensjonsreforma legg opp til at arbeidstakarar skal kunne halde fram i sitt yrke uavhengig av om ein mottok alderspensjon. Det er meiningen at personar mellom 62 og 75 år skal kunne velje når ein skal starte med uttak av alderspensjon frå folketrygda, og med kva for ein gradering. Dette valet er utan verknad for pensjonisten sin rett til å arbeide ved sida av. Arbeid fram til fylte 75 år vil danne grunnlag for opptening av pensjon uavhengig av når vedkomande vel å starte med uttak av alderspensjon.

Fiskeri- og kystdepartementet meiner at det vil vere ein naturleg verknad av pensjonsreforma at fiskarar får same høve som andre yrkesgrupper til å halde fram i sitt yrke sjølv om dei tek ut alderspensjon. Dette vil vere i tråd med dei politiske målsettingane bak pensjonsreforma om høgre avgangsalder i arbeidslivet, og at det skal løne seg å arbeide. Det ville ha vore urimeleg overfor fiskarane som yrkesgruppe om dei ikkje skulle få same høve som andre til å kombinere alderspensjon og arbeid.

Det kan reisast spørsmål om dette vil redusere rekrutteringa til fiskaryrket ved at unge fiskarar risikerer å vente lenger på eit generasjonsskifte. Departementet ser at dette kan vere ein effekt i nokre tilfelle, og vi er opptekne av å leggje til rette for rekruttering. Vi meiner likevel at det ikkje vil vere eit rimeleg verkemiddel for rekruttering å setje ei eiga aldersgrense for fiskarar i strid med målsettinga bak pensjonsreforma. Det vil vere den enkelte fiskar som har dei beste føresetnadene til å vurdere når han bør trappe ned og overlate drifta til ein annan generasjon.

Vi er derimot skeptiske til å opne for at personar over 75 år kan bli ståande i manntalet i større grad enn i dag. Dette har samanheng med at pensjonsreforma berre opnar for fleksibelt uttak til og med det kalenderåret ein fyller 75 år slik at eldre personar ikkje kan tene opp pensjongsgrunnlag ved å arbeide ved sidan av. Dersom ein ikkje endrar reglane for personar over 75 år, vil det ha som konsekvens at dei ikkje kan bli ståande på blad B når dei fyller 75 år, men i staden kan overførast til blad A om dei fyller vilkåra for dette. Vidare vil personar på blad A i utgangspunktet falle ut av manntalet når dei

fyller 75 år. Det følger av manntalsforskrifta § 11 første ledd anna punktum at fiskaren same kva kan bli ståande på sitt blad ut kalenderåret ein fyller 75 år.

Departementet meiner vidare at det bør vere eit krav om at alderspensjonisten tidlegare har vore aktiv fiskar for at han skal kunne stå i manntalet. Dette vil vere naudsynt for å hindre personar utan bakgrunn frå fiskaryrket i å etablere seg som fiskarar ved overgang frå anna yrke til alderspensjon. Vi foreslår derfor at alderspensjonistar berre kan bli ståande på same blad i manntalet dersom dei har vore registrert der i minst eitt av dei siste 10 åra.

Departementet vil på denne bakgrunn foreslå at det vert opna for at personar under 75 år kan stå i manntalet uavhengig av om dei mottok alderspensjon, men at det er eit vilkår at dei har stått i manntalet i minst eitt av dei siste 10 åra. For å stå på blad B vil det vere eit vilkår at dei har stått på blad B i minst eitt av dei siste 10 åra. For personar over 75 år foreslår vi ingen endringar.

Andre forslag til endringar

Departementet foreslår vidare å gjere ei mindre endring i manntalsforskrifta § 1. I og med at det er friviljug å stå i manntalet for dei som fyller vilkåra, vert det misvisande når det i føresegna heiter at det dreier seg om eit register "over alle som" har fiske og fangst som leveveg. Vi foreslår derfor å endre føresegna slik at "alle" vert erstatta med "personar". Forslaget har ingen materielle konsekvensar.

Administrative og økonomiske konsekvensar

Departementet kan ikkje sjå at forslaget vil få nemnande administrative og økonomiske konsekvensar.

Overgangsreglar

Departementet legg opp til at endringane i manntalsforskrifta trer i kraft 1. januar 2011, mens hovudrulleringa for 2011 vil skje hausten 2010. Fiskarar som ved hovudrulleringa for 2011 vert tekne opp i manntalet for komande år i medhald av regelverket som gjeld no, bør etter vår meining kunne bli ståande i manntalet ut 2011 sjølv om dei ikkje også fyller vilkåra i medhald av nytt regelverk.

Forslag til nye føresegner i forskrifta:

§ 1 (endra) skal lyde:

§ 1. Formål

Formålet med forskrifta er å regulere manntalet for fiskarar og fangstmenn (fiskarmanntalet) slik at det er eit påliteleg register for offentlege etatar over *personar* som er busette i Noreg og som har fiske eller fangst i havet som leveveg åleine eller saman med anna næring eller anna arbeid.

§ 3 nr. 6 (endra) skal lyde

Vedkomande tek ikkje imot *alderspensjon med mindre vedkomande er under 75 år og har vore registrert i manntalet i minst eitt av dei siste 10 åra, og vedkomande tek ikkje imot uførepensjon etter ein uføregrad på 100 %.*

§ 5 nr. 7 (endra) skal lyde:

Vedkomande tek ikkje imot *alderspensjon med mindre vedkomande er under 75 år og har vore registrert på blad B i minst eitt av dei siste 10 åra, og vedkomande tek ikkje imot uføretrygd etter ein uføregrad høgre enn 60 %.*

Med helsing

Inger Oline Røsvik
fung. ekspedisjonssjef

Christian Wormstrand
fung. avdelingsdirektør

Høyringsinstansar:

Finansdepartementet
Arbeidsdepartementet
Sametinget
Fiskeridirektoratet
Arbeids- og velferdsetaten
Garantikassen for fiskere
Statens seniorråd
Norges Fiskarlag
Norges Kystfiskarlag
Landorganisasjonen
Norsk Sjømannsforbund
Norsk Sjøoffisersforbund
Norsk Maskinistforbund
Fiskeri- og havbruksnæringens landsforening
Norske Sjømatbedrifters Landsforening
Fiskekjøpernes forening